

## **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 21.08.2018**

**Olav Kvinge (H)** setter på vegner av H og FRP frå slikt forslag:

«Innstillingens punkt 4 tas ut/fjernes»

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1-3 og punkt 5 vart samrøystes vedteke.

Kvinge sitt forslag fikk 5 stemmer (H, FRP) og fall.

### **Vedtak**

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner Øygarden kommune har gjort eit grundig arbeid for å balanserer bruk og vern av ulike areal på ein god og heilskapleg måte. Utvalet ser at kommunen gjennom dialog òg har klart å finne gode løysingar for vegkryss og andre trafikale utfordringar.
2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling viser til tidlegare innspel, og meiner ein fornuftig rekkjefølgje i bustadutbygging må sikrast i føresegner med rekkjefølgjekrav.
3. Utval for kultur, idrett og regional utvikling peiker på at det er feil i plankartet med omsyn til areal for skjelsand i Rongesundet.

Gjennom dialog med kommunen har ein funne at retta plankart og reviderte føresegn skal takast inn i planen før Øygarden kommune kan eigengodkjenne planforslaget.

4. Hordaland fylkeskommune har tidlegare spelt inn at ein bør ta ut naustområda i Breivika frå planen, med omsyn til ålmenta.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber igjen om at ein tar ut naustområda i Breivika frå planen.

5. Utvalet bed om at omsynssone H570\_1 vert utvida til å også omfatte steinalderlokaliteten vest for Skitvika (Askeladden id 95515) og at kommunen også tar omsyn til tunstruktur og enkeltbygningar på ein god måte i den vidare sakshandsaminga.  
Vidare rår vi til at dei automatisk freda kulturminna i planområdet (Askeladden id 15836, 126813, 95514 og 95515) vert lagt inn med omsynssoner for bantlegging, SOSI-kode H730, i plankartet, med tilhøyrande føresegner som sikrar ei betre forvalting av kulturminna